



Stord kommune
Pb 304
5402 STORD

Dato: 24.05.2019
Vår ref.: 2019/10492-7
Saksbehandlar: ninhoel
Dykkar ref.: 2018/4259 - 9425/2019 /

Att.: Andreas Moe Larsen

Fråsegn til høyring av planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel - Stord kommune

Vi viser til brev datert 06.04.2019 om planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel for Stord kommune. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Planprogrammet er felles for kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, men ein tek sikte på handsaming av samfunnsdelen først med eit visst overlapp.

Planprogrammet legg opp til åtte hovudtema, som på mange måtar heng saman. Dette syner ei heilskapleg tilnærming til samfunnsutviklinga og gjev retning. Kwart hovudtema løftar fram viktige vurderingar som kommuneplanen skal avklara.

Planprogrammet legg opp til følgjande hovudtema:

- Klima, miljø og tryggleik
- Næringsutvikling
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Levande sentrum
- Helse, trivsel og oppvekst
- Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane
- Gode kommunale tenester
- Regionalisering og samhandling

Om nasjonale og regionale føringar

Plan- og bygningslova si føremålsparagraf gjev at: «Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.» § 3-1 Oppgaver og hensyn i planlegging etter loven seier at planlegging skal fremje heilskap ved at oppgåver og interesser vert løyst gjennom samordning og samarbeid mellom statlege, regionale og kommunale organ.

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskapelege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Utviklinga som blir omhandla i samfunnsdelen vil skildre behov og gi føringar for arealbruken. Kommuneplanens samfunnsdel skal byggje på overordna planer og retningslinjer.

I regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 «Utviklingsplan for Hordaland», er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vere berekraftig, attraktivt og nyskapande. For å oppnå dette er det gitt fire hovudmål: Høg sysselsetting; Eit inkluderande samfunn; Ei klima- og miljøvenleg utvikling; Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion.

Det er positivt å merke seg at planprogrammet i vesentleg grad følgjer desse måla gjennom å ha fokus på næringsutvikling, klima og miljø, folkehelse og tettstadutvikling.

Regional planlegging skal vere retningsgivande for kommunal planlegging. Følgande regionale planar er særskilte relevante for kommuneplanarbeidet til Stord, og bør nemnast i planprogrammet. Vi kjem nærare inn på dei under kvart tema:

- Regional plan for attraktive senter (2014)
- Regional transportplan Hordaland 2018-2029
- Regional plan for folkehelse 2014 – 2025
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Det kan vere verdt å merke seg at *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015)* er av 14.05.2019 erstatta av ny utgåve. Kommunen bør vurdere om planprogrammet bør ta stilling til nye nasjonale forventningar, eller vise til at det nettopp er kome nye forventningar, og at planarbeidet tek desse med seg vidare.

Det er bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar, også i Noreg. Det er difor viktig at bærekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Dette har Stord sitt planprogram lagt til grunn i sitt planprogram.

Link til ny utgåve av *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019)* finn ein her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

Planfaglege innspel

Det er positivt at Stord kommune setter i gang arbeid med revisjon av kommuneplanen. Føringer for samfunnsdelen er tydeleg i planprogrammet, men mindre tydeleg for arealdelen. Samfunnsdelen og arealdelen er ulike i høve til grunnlag og metodar. Det er formelle krav i Plan- og bygningslova knytt til arealdelen.

Arealdelen er, til forskjell frå samfunnsdelen, eit juridisk bindande dokument. Arealdisponeringar kan gi store samfunnsmessige konsekvensar, ved at planen legg til rette for avgjerande store tiltak, eller gjennom sumeffektar av mange små tiltak. Det er krav om at alle endringar i arealdisponeringar i kommuneplanens arealdel skal konsekvensutgreiast, og det skal gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kommuneplanens arealdel bør drøfte hovudkategoriane av arealbruksføremål, kome med ei foreløpig vurdering av arealbehov og eventuelt andre behov for endringar. Det bør også diskuterast om føresegner skal vidareførast i form og innhald, eller om det vert endringar her. Viktige moment som bør vere med i planprogrammet er korleis gjennomføring av KU skal vere, kva overordna rammer eksisterer og kva ønskjer ein å få fram.

Fylkeskommunen vil rå til at det vert utarbeidd eit meir detaljert planprogram for arealdelen og at planprogrammet som no er på høyring blir gjeldande for samfunnsdelen. Fordelen med å vedta samfunnsdelen først, er å få på plass viktige prinsipp og prioriteringar knytt til arealutviklinga på Stord.

Ein samfunnsdel i ein kommuneplan kan gjerne innehalde klare strategiar for vidare arbeid, som også bind saman samfunnsdelen og ein seinare arealdel av kommuneplanen. Ein måte å gjere dette på er å ha ein «langsigtig arealstrategi» som eige kapittel i samfunnsdelen, som peiker ut hovudretningar og danner grunnlaget for kommuneplanen sin arealdel. Her bør hovudutfordringane for arealdisponering kome fram.

Klima

Visjonen i *Klimaplan for Hordaland 2014-2030* er «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet». Måla omfattar konkrete tal på reduksjon av klimagassutslepp; effektivisere energibruk og bruk av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald; samt tilpassing til klimaendringar basert på føre-var-prinsippet, grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Klima er trekt fram som eitt av ni hovudområde i planen og vil leggje til rette for at ein kan ha ein tverrsektoriell tilnærming. Ved å løfte klima og miljø i samfunnsdelen i kommuneplanen, framfor å ha ein eigen klima- og energiplan, vil ein kunne ta i bruk ein større del av kommunen sine verkemidlar til å nå sine klima- og miljømålsettingar, både når det kjem til arealbruk, innkjøp og tiltak i ulike delar av verksemda. I tillegg vil det sikre at ein får større fokus på temaet.

Planprogrammet refererer til «Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing», som legg føringane for korleis temaa skal handterast i kommunal planlegging. Stord kommune er som ei av få kommunar del av det nasjonale prosjektet «Kortreist kvalitet» og det er interessant å sjå kva erfaringar det vil gi inn i arbeidet med kommuneplanen. Stord kommune er også kome langt med miljøsertifisering av kommunen sine verksemder. Slik institusjonalisering av klima- og miljøarbeidet i kommunen vil kunne gi store føremonn i kommuneplanarbeidet, både ved at det er større kompetanse om feltet i fleire einingar i kommunen, og at det er datagrunnlag for å gjere betre prioriteringar og setje seg mål for vidare arbeid. Stord kommune har på bakgrunn av fleire år med grundig arbeid på feltet grunnlag for å markere seg som ein føregangskommune når det kjem til å handtere klima og miljø i kommuneplanen.

Det er interessant at «klima og miljø» er sett saman med «tryggleik» i planprogrammet. Dette vil vere ei styrke for å handtere naturfare og klimaendringar. Dette er i mindre grad skildra i planprogrammet, men vi legg til grunn at det vil følgje statleg planretningsline for klima (sjå 4.3 om detaljerte krav til planprosess og beslutningsgrunnlag).

Næringsutvikling

Aktuelt for arbeid med kommuneplan er *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017* – som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, interesseorganisasjonar i næringslivet, fleire forskings- og utdanningsinstitusjonar og regionale verkemiddelaktørar. Planen har ein langsiktig visjon: «Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!» Hovudmåla seier mellom anna noko om å skape fleire innovative verksemder; fleire gründerar som etablerer berekraftige vekstverksemder; fleire innovative næringsmiljø. Planen framhev også viktigheten av målretta styring av offentlege verkemiddel og utviklingsarbeid.

Det er ein styrkje at næringsutvikling er løfta fram som eit prioritert og overordna omsyn for den nye kommuneplanen. Tilbakemeldinga frå oss er retta mot samfunnsdelen. Det er viktig å jobba langsiktig og kontinuerleg med næringsutvikling og entreprenørskap. I det vidare planarbeidet oppmodar vi til å ha fokus på nettverk, møteplassar og kompetansebygging som bidreg til å stimulera til, og å skapa «kultur» for entreprenørskap. Arbeidet med å fremja fleire gode gründerar i Stord bør starte tidleg. Entreprenørskapsprogram for unge kan vere gode tiltak.

Stord sitt næringsliv er knytt til petromaritim næring, og må difor vere medvitne om «det grønne skiftet». Stord har opparbeidd god næringskompetanse som også kan nyttast innan andre næringsfelt, og nye verksemder veks fram. Stord står her fram som proaktive kring næringsstrategiar og korleis ein kan byggja på eksisterande kompetanse. Næringslivet er nyttige å «spele på» i det vidare planarbeidet. Dei sit ofte på viktig kunnskap og ser langt inn i horisonten.

Når det gjeld landbruksnæringa er fokus på ivaretaking av areal viktig. Gode, samanhengande jordareal er naudsynt. Oppstykking av jordareal gjer det vanskelegare å driva lønsomt, og arealet blir meir sårbart for å bli byggja ned seinare. Det er difor svært positivt at Stord er sterkt medvitne om viktigeita av rammevilkåra for landbruksnæringa, jamfør kommunestyrets vedtak om 0-visjon for omdisponering av dyrka mark.

Reiseliv er viktig for næringsutviklinga, og ser ut til å bli ein stadig viktigare næringsveg for vestlandet i framtida. Kultur og levande sentre vil byggje opp under utviklinga av denne næringa. Tilreisande ønskjer å møte levande lokalsamfunn. Ein annan trend innan reiseliv er at turistane ønskjer unike opplevingar.

Folkehelse

Gjennom kommuneplanen skal kommunane kople ansvaret som ligg i folkehelselova inn i den kommunale planlegginga. Kommunen skal i arbeidet sitt med kommuneplaner etter plan- og bygningslova kapittel 11 fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.

Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 har som overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Visjonen for arbeidet er: Fleire gode leveår for alle!

Det er positivt at FN sine berekraftsmål er lagt til grunn, og Stord ser ut til å evne å «trekkje dei ned», slik at dei vert tilpassa lokal «maskevidde». Bustad og bustadpolitikk er viktig folkehelsematikk. Mangfaldige typar bustader er viktig for å sikre trivsel for ulike befolkningsgrupper i ulike livssituasjonar. Digitalisering kan også vere ein ressurs ift eldrebølgja, til dømes ved velferdsteknologiske tiltak og tilbod vere gunstig samfunnsøkonomisk. Til kommuneplanens samfunnsdel vil det vere viktig å ha fokus på strategi/arbeid knytt til reduksjon av sosial ulikskap, j.f føremålsparagrafa i folkehelselova. Arbeid og arbeidsdeltaking er svært viktig for god helse for kvar einskild arbeidstakar og samla for folkehelsa i kommunen. Vi oppmodar til å ha fokus på inkluderande arbeidsliv som ein ressurs, for å sikre mangfald og nytenking. Vi minner også om at prinsipp om universell utforming og omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår skal vere ivarettatt i all planlegging, jf. føremålsparagrafen i plan- og bygningslova.

Medverknad

Stord viser god forståing for folkehelsearbeidet som eit sektorovergripande omsyn. Dette grepet er i tråd med dei nasjonale og regionale føringar om det samfunnsretta folkehelsearbeidet - «helse i alt vi gjer». Stord byggjer prioriteringane og strategiane kring folkehelsearbeidet på folkehelseoversikta si.

I det vidare planarbeidet oppmodar vi til strategiar og tiltak som legg til rette for utviklingsarbeid gjennom inkluderande og kollektive prosessar. Slik kan fleire oppdage mogelegheiter i lokalsamfunna/kommunen. I denne samanheng er det viktig å ha møteplassar og eit godt samspel mellom kommunen, frivilljugheit og privat næringsliv. Inkluderande og kollektive nedanifrå-og-opp-aktivitetar er identitetsstyrkande og kan bidra til stoltheit, noko som kjem innbyggjarar, entreprenørar og næringsliv til gode.

Stord kommune har gjennom nærmiljøprosjektet 2016-2019 arbeidd målretta for å fremje medverknad frå befolkninga inn i planprosessar på nye og breiare måtar. Planane knytt til medverknad og prosess i planprogrammet til kommuneplanen syner at Stord kommune har teke erfaringane frå nærmiljøprosjektet inn i kommuneplanarbeidet på ein framtid-retta måte. Kommunen legg opp til svært god involvering av innbyggjarane sine. Særleg positivt er at kommunen vil legge til rette for likeverdig deltaking for alle aktørar i heile plan-prosessen. Etablering av eit breitt samansett innbyggjarpanel er veldig interessant. Stord kommune viser førebels til folkehelseoversikta frå 2016. Revisjon av denne oversikta i 2019 vil også fange om innspel frå Nærmiljøprosjektet som kan styrke planarbeidet ytterligare.

Stord kommune skal drøfte ei berekraftig forvaltning av naturkvalitetar i eit langsiktig perspektiv. Dette nettopp fordi det i kommunen dei siste femti åra er gjort mange naturinngrep. Kommunen har utvikla fleire viktige spørsmål som skal avklarast i planarbeidet. Desse spørsmåla viser merksemd på at det ligg verdier i Stord samfunnet som trengs bevarast også knytt til viktige folkehelseomsyn.

Areal og transport

Det kan være ein fordel å velje ut nokre av FN sine bærekraftsmål som vert via ekstra merksemd då dei har særleg betyding for dei satsingane Stord kommune vektlegg. Vi vil trekke fram bærekraftsmål nr 11-

Bærekraftige byer og samfunn og nr 13- Stoppe klimaendringane, å være særleg relevant for dei tema som er trekt fram i planprogrammet.

I planprogrammet viser kommunen ein god forståing av forventningane knytt til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP). Stord kommune har gode føresetnader for å arbeide vidare for desse prinsippa då busetnaden i stor grad er samla på sørsida. Dette gjer det enklare å arbeide for gode transportløyningar for alle trafikantgrupper. Det er ressurskrevjande å etablere trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar når busettingsmønsteret er spreidd framfor ein meir fortetta struktur. Spreidd busetting fører mellom anna til meir bruk av privatbil, behov for skoleskyss, og utfordringar knytt til kommunale tenester og beredskap. Difor er det viktig at planlegging av nye bustad- og næringsområder har mål om fortetting, nærleik til eit senterområde. Det å leggje til rette for at ein større del av befolkninga kan gå eller sykle til ulike målpunkt vil og verke positivt inn på folkehelsearbeidet i kommunen.

I kommuneplanen bør særleg trygge skuleveggar vektleggast høgt. I høyringsforlaget er det skissert opp fleire viktige spørsmål knytt til BATP og sentrumsutvikling som treng vidare avklaring. Det er viktig at FN sine bærekraftsmål knytt til desse problemstillingane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette gjeld mellom anna for kva parkeringspolitikk som skal gjelde i kommunen. Gratis parkering ved til dømes handlesentra, vil gi bilen eit konkurransefortrinn som gjer det lett å velje bil sjølv på korte strekningar. Erfaringar frå andre byer og tettstader har vist at både parkeringsavgift og innføring av korttidsparkeringsplasser bidreg til auka sirkulasjon av besøkande som kjem i bil og betre utnytting av dei mest konkurranseutsette plassane.

Senter- og tettstadsutvikling, senterstruktur og handel

Framlegget til planprogram slår fast at Stordsamfunnet treng sterke senter som inneheld eit variert tilbod av bustadar, tenester, handel og kulturtilbod. Sentrumsutvikling er ein viktig faktor for trivsel og attraktivitet, og eit godt verkty i vidare planlegging og utvikling av kommunen.

Trekt fram som ei viktig vurdering er kvar lokal- og nærsentera i kommunen skal vere og korleis kommunen skal leggje til rette for utvikling av desse sentera. Vi støttar kommunen si vurdering i å arbeide vidare med senterstrukturen og tilhøva mellom dei ulike sentera. Det er også viktig å ha oversikt over bustadreserven i kommuneplanen. For å sikre attraktive stader å bu bør ein ha planar for kvar ein vil konsentrere bustadbygging og dyrke gode lokalmiljø. Moglegheitsstudien gjort for Leirvik peiker på gode strategiar for vidare utvikling av senteret. Det er positivt og viktig at kunnskapen frå dette arbeidet vert teke med vidare inn i arbeidet med kommuneplan.

Vi viser til *Regional plan for attraktive senter*, (heretter omtala som «senterplanen») vedtatt i fylkestinget desember 2014. Planen har følgjande hovudmål: *Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjer livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.*

Dei fire temakapitla i planen tar opp følgjande problemstillingar:

- *Korleis planlegging kan bidra til å skape attraktive sentrumsområde*
- *Kva for tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod som bør leggjast til sentera i fylket*
- *Lokalisering og dimensjonering av nye handelstilbod*
- *Korleis sentrumsplanlegging kan bidra til eit effektivt og berekraftig transportsystem*

Regional plan for attraktive senter inneheld retningslinjer for arealbruk og forvaltning, samt føresegn for handel. Retningslinjene er eit verkemiddel for å oppfylle måla i planen og skal innarbeidast i kommunale arealplanar. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar. Vi ber om at føringar og råd forankra i Regional plan for attraktive senter vert teke med i det vidare arbeidet med kommuneplanen for Stord.

Ein definert senterstruktur, der funksjonar innanfor sørvis og handel blir lokalisert etter nivået på senteret, vil styrke kvaliteten på tettstadene, skape eit føreseieleg plangrunnlag for investeringar og næringsutvikling og

vere i tråd med samordna areal- og transportplanlegging. Følgande retningslinjer i senterplanen er særleg relevante:

1.1 *Kommunane skal gjennom kommuneplanarbeidet innarbeide ein senterstruktur i samsvar med regional plan: fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, og eventuelt lokalsenter og nærsenter ved behov.*

1.2 *Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i fylket.*

2.3 *Sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum. Inntil kommunen har fastsett sentrumsutstrekning bør planlegging ta utgangspunkt i at sentrum har følgjande retningsgivande utstrekning frå ytterkant til ytterkant:*

- *Fylkessenter: inntil 1000m*
- *Regionsenter og bydelsenter i Bergen: inntil 800m*
- *Kommunesenter: inntil 600m*
- *Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast*

2.4 *Sentrumsområde skal regulerast heilskapleg gjennom områdeplanlegging i offentleg regi.*

4.3 *Behov for areal til handel skal vere tema i kommuneplanens arealdel.*

Meir om handel

Etter Regional plan for attraktive senter skal ny detaljvarehandel i hovudsak lokalisert i senter og innanfor sentrumsområde og handel skal dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Dei regionale føresegnene legg til rette for nytt bruksareal for detaljhandel i fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelsenter og lokalsenter definert i Regional plan for attraktive senter eller i kommuneplan. Utanfor desse sentera tillatast ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 3.000 m² samla bruksareal lokalisert i bustad-konsentrasjonar eller i nærsenter. Intensjonen er å stimulere til handelsetablering i sentera, og samstundes tilretteleggje og gi rom for daglegvarebutikkar nær der folk bur.

Føresegnene gjer eit unntak for handel som ikkje passar inn i eit sentrum grunna storleik og varetype; ny eller utvida detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjeverer, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

Retningslinene set krav om handelsanalyse ved etablering av handelsverksemd med nytt eller samla bruksareal på meir enn 3.000 m². Gjennom handelsanalyse skal ein sikre at saker som gjeld ny handels-etablering blir tilstrekkeleg opplyst før ein tar ei avgjerd. Retningslinene gir ei spesifisering av kva for vurderingspunkt handelsanalysen skal innehalde. Ved at handelsetableringar blir tilpassa stadens storleik, funksjon og handelsomland vil ein kunne skape ein føreseieleg situasjon for drift av eksisterande verksemdar og unngå overetablering.

Dei regionale føresegnene i *Regional plan for attraktive senter* erstattar *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008. Regionale føresegner er juridisk bindande for kommunane og private utbyggjarar. Vi ber om at føresegn om handel vert tatt inn i kommuneplanens arealdel.

Kystsone og landskap

Fylkeskommune minner om *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* som vart vedteken 04.10.2017 (heretter omtala som kystsoneplanen). Planen er i departementet for endeleg avgjerd. Her ligg kunnskapsgrunnlag som må nyttast på ein god måte uavhengig av kva utfallet av departementshandsaminga vert. Planen har som hovudmål at «*Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Det skal leggjast til rette for at marine og maritime næringer i området kan utvikla seg vidare til å vere lønsame og konkurransedyktige i eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Det skal leggjast vekt på kunnskapsbasert planlegging og forvaltning i kystsona.*» Kystsoneplanen har retningslinjer om planlegging i sjø og strandsona, samt retningsgjevande plankart som illustrerer retningslinene.

Under er link til kystzoneplanen samt kunnskapsgrunnlaget som ligg på våre nettsider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-kystzoneplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

Kartlegging av funksjonell strandsone og utbygging i strandsona

Framlegg til planprogram er svært generell på problemstilling i høve til strandsone. Kommuneplanen skal avklara utfordringa: «Korleis skal me forvalta strandsoneverdiene?» Med meir spissa utfordringar sikrar ein gode strategiar for vidare arbeid med kommuneplanen.

Vi rår til at kommunen held fram det gode arbeidet med å definerer funksjonell strandsone for heile kommunen si sjøline. Kartlegging av strandsona og fastsetjing av funksjonell strandsone som grunnlag for lokalt tilpassa bruk og forvaltning er ein hovudstrategi for den regionale strandsonepolitikken i fylket. Definisjon av funksjonell strandsone er som følger: *"Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vere smalare eller breiare enn 100-metersbeltet."*

Maritime næringsområde

Ved planlegging av nye eller utviding av eksisterande næringsområde, må behov for næringsutvikling og arbeidsplassar tilleggas vekt. Samstundes skal dette vektast opp mot omsyn til allmenne interesser. Det er viktig at dei gode næringsareala til sjø vert nytta av verksemder som har eit reelt behov for å vera lokalisert ved sjøen. For eksisterande næringsområde innanfor regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kultur, må særleg omsyn til dei allmenne interessene vektleggast. Kartfesting av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av regionalt viktige næringsområde ved sjø areal er gjort i tilknytning til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland.

Akvakultur:

Arealdelen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovverket i Hordaland fylke. I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har fylkeskommunen lovfesta rett og plikt til å medverke i det kommunale planarbeidet (PBL §§ 11-4,5) for å ivareta statlege og regionale omsyn, og for å medverke til at planen får eit godt fagleg fundament. Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa. Merknaden vår er retta mot kommuneplanens arealdel.

Ny plan- og bygningslov, plandelen har verka sidan 01.juli 2009 og særleg sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknytta akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og § 11.11 pkt. 3 bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn, og pkt. 7 kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast. Akvakulturverksemd vert regulert under akvakulturlova. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova.

Det er viktig at kommunen planlegg områda for akvakultur store nok slik at ein tek høgde for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter. I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte forvaltninga og akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trong for sjøareal i framtida.

Gjennom Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy finn ein geografisk informasjon om alle godkjente akvakulturlokalitetar. Kartløyvinga legg også til rette for nedlasting av temadata innan akvakultur (sosi- eller shapeformat) <http://kart.fiskeridir.no/adaptive/>

Skjelsand og råstoffutvinning

Vi ser behov for at skjelsand vert eit plantema ved denne rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Dette for å få ei forsvarleg og føreseieleg ramme rundt skjelsandforvaltninga, der pbl må sjåast i samverknad med kontinentalsokkellova. Skjelsand er blant anna eit rimeleg og godt kalkingsmiddel i jordbruket, ikkje minst i

Hordaland. Kontinentalsokkelova slår fast at retten til utvinning av dei undersjøiske naturførekomstane ligg til staten. Fylkeskommunen er sektormyndigheit for uttak av skjelsand, som delegert konsesjonsmyndigheit etter kontinentalsokkelova og ansvarleg myndigheit for konsekvensutgreiing av slike tiltak. Det kan ikkje gjevast løyve til uttak av skjelsand i strid med bindande arealplan med mindre kommunen samtykkjer.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Innspelet er forankra i *PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* og i nasjonal lovgjeving og politikk. I kulturminnelova § 1 Lovens formål, heiter det:

«Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet.»

Forvaltning og formidling av kulturminne og kulturlandskap er ei hovudsatsing i *PREMISS: KULTUR - Regional plan for kultur 2015-2025*. Eit delmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026) er mellom anna at sentrumsutviklinga skal byggje på stadens historie, særpreg og landskapstrekk med særleg merksemd på den historiske staden.

Samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet, og kva retning kommunen ynskjer å gå. Kulturminna i Stord kommune er ei rik kjelde til identitet og byrgskap og vil difor vere ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Kulturminna i Stord bør òg sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd.

Å finne god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse utfordringane. Kulturminne er ressursar for å byggje Stord si framtid og bør integrerast tydeleg i samfunnsdelen. Tufta på kunnskap om Stord si kulturhistorie kan ei slik satsing gjere det enklare å ta i vare og foredle kulturminneverdiane på rett måte, prioritere dei i høve til kva utvikling ein ynskjer, og bruke dei til å formidle det særleine ved kommunen.

Kulturminne er utdjupa under hovudtema «aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiane», men høyrer også til under fleire av dei andre hovudtema. Stord kommune vedtok ein bygningsvernplan og ein kulturminneplan i 2009. Desse planane viser fram eit mangfald av ulike lokale kulturminne som kan vere ein viktig premiss rundt næringar knytt til reiseliv, kulturoppleving og landbruk. Å utvikle kulturminne som ressurs for næringsutvikling kunne være eit konkret mål under tema «Næringsutvikling». Kulturarven er ein del av attraktive bygder og er med på å definere bukvalitet og eit levande sentrum, og høyrer til under «Levande sentrum» og «Helse og trivsel». Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen og vil samtidig bidra til å verne om kulturarven. Dette bør utdjupast under hovudtema «Klima, miljø og tryggleik».

Stord kommune kan i sterkare grad oppmode eigarar av viktige kulturminne i kommunen til å søke regionale og nasjonale tilskotsordningar, t.d. Kulturminnefondet, slik at prioriterte kulturminne vert skjøtta og satt i stand.

Det er viktig at arbeidet med revidering av kulturminneplanen vert integrert i samfunnsdelen og seinare i kommuneplanens arealdel med føresegner, retningslinjer og omsynssoner. Vi utfordrar kommunen til å sjå kulturminneplanen i samheng med kommuneplanen og rullere det slik at det i enda sterkare grad støttar opp om viktige mål i kommunen.

Oppsummering

Stord kommune har utarbeidd eit planprogram som ivaretek aktuelle og relevante plantema. Det er positivt at kommunen no ønskjer å rullere kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Planprogrammet er tydeleg på samfunnsutfordringar i Stord-samfunnet, men mindre tydeleg på dei formelle føringane for arealdelen. Vi vil difor rå til at det vert utarbeidd eit eige planprogram for arealdelen og at planprogrammet blir gjeldande for samfunnsdelen.

Vidare rår vi til å fortsetje arbeidet med å styrke Leirvik som eit attraktivt kommunesenter, og definere senterstrukturen elles i kommunen. Nye bustadområde bør sikre mangfald av typar bustader, samt nærleik til senterområde. Av omsyn til både folkehelse og naturen bør kommunen ta omsyn til landskap og sikre ålmenn tilgjenge i strandsona. I planlegging for marine og maritime næringar bør ein sikre eit langsiktig perspektiv innanfor rammene av ei berekraftig utvikling. Vi oppmodar kommunen til å fortsetje med inkluderande og kollektive prosessar i det vidare arbeidet.

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Nina Gjester Hoel
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Nina Gjester Hoel, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Grete Kathrine Jacobsen, Seksjon for næring og lokalsamf utvikling - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Else-Marie Brobakke Aarø, Seksjon for næring og lokalsamf utvikling - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Tale Halsør, Seksjon for klima- og ressursforvaltning - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA

Elizabeth Warren, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Øystein Monsen, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Merete Hauge, Stab utbygging - EIG AVD, EIGEDOMSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND

STATENS VEGVESEN